

Vinter- og vårprogram

Best Western Skei Hotel 2012

26.–29. JANUAR SYDENDAGAR

Har du hugsa å melde deg på?

Framleis ledige plassar. Syden-stemming med over 30 °C både i luft og vatn i symjehallen. Morgonkaffi og frisk frukt ved bassengkanten kvar morgon. Boblebad (38 °C), sauna, solarium og tyrkisk dampbad. Trimrom med massasjestol. Leikerom. Bassengtrening. Prisgunstige tilbod på timar med aromaterapi og massasje. Vårt husorkester, «Duo



Vision» syter for god og variert dansemusikk kvar kveld. Mange spennande matrettar med «sydlandsk vri» denne helga.

Prisar: Frå kr. 725 pr. pers pr. døgn i dobbeltrom med halvpensjon (ved 3-døgnsopphald). Tillegg for enkeltrom kr. 200 pr. døgn. Lunsj kr. 195 pr. pers. Kontakt oss i dag for bestilling av plass!



LAURDAG 25. FEBRUAR

ELDØEN, STEDJE, HAUGE & MURI: DÉJÀ VU
Ein kveld med musikken til Crosby, Stills, Nash & Young. Vi gjentek suksessen frå hausten 2005 og inviterer igjen til ein musikalsk festkveld med ein hyllest til Crosby,

Stills, Nash & Young på hotellet, laurdag 25. februar 2012. Med vakre og klangfulle, 4-stemte vokale harmoniar og rislende gitarspel vil kvartetten «Déjà Vu» med Egil Eldøen, Olav Stedje, Svein Dag Hauge og Elias Muri gje oss det aller beste av musikken som David Crosby, Stephen Stills, Graham Nash & Neil Young gjorde til udødelege klassikarar på 60- og 70-talet. Konserten startar kl. 22.00. Middagsservering frå kl. 19.00. Dans i baren til musikk av hotellet sitt husorkester etter konserten. Billettbestilling – tlf. 57 72 78 00.



SØNDAG 12. FEBRUAR MORSDAG

- Kvifor ikkje gjere litt ekstra stas på mor denne dagen?

Vi tilbyr lunsjbuffet og gratis bading i symjehallen for alle lunsjgjester på morsdagen! Buffeten står dekkta kl. 13.00–16.00.

Pris pr. vaksen kr. 295 inkl. lunsjbuffet og bading. Prisar for born: 0–4 år gratis, 5–11 år kr. 95 og 12–16 år kr. 150. Hotellet spanderer eit kakestykke på mor til kaffien!

FREDAG 16. MARS

ESPEN ERIKSEN TRIO & EVA BJERGA HAUGEN
Ein konsert i regi av Vestnorsk jazzsenter / «Den musikalske stamvegen» og Jølster jazzklubb. Espen Eriksen Trio er ein lyrisk pianotrio med stor publikumsappell, som består av Espen Eriksen (piano), Lars Tormod Jensen (bass), Andreas Bye (trommer). Dei spelar melodiske originalskriven jazz med impulsar frå klassisk, pop og latin. Jazzvokalisten Eva Bjerga Haugen har ei silkemjuk og særeigen stemme og eit scenenærver av dei



sjeldne. Samarbeidet mellom Espen Eriksen Trio og Eva Bjerga Haugen kom i stand vinteren 2009 i høve «Den musikalske stamvegen», og dei har sidan då hausta mange lovord. Kvartetten har imponert på festivalar som Maijazz, Vossa Jazz og Sildajazz, og dei har spelt på Nasjonal jazzscene.

Konsertbillett og overnattingstilbod:
Best Western Skei Hotel, tlf. 57 72 78 00

Billettsal i døra frå kl. 19.15 konsertdagen.
Konsertstart kl. 20.00.

Billettprisar: Vaksne kr. 200, familie kr. 400, student og medlem av Jølster Jazzklubb kr. 150.
Meir informasjon på www.jolsterjazz.com



HUSORKESTERET «DUO VISION» Januar og februar

I heile januar og februar spelar vårt husorkester, «Duo Vision» til dans fire kveldar i veka. Denne eminente og speleglade duoen frå Bulgaria vil syte for skikkeleg flott og variert dansemusikk og god stemming på dansgolvet. I mars og april er det «Gallant Duo» som syter for god musikk til underhaldning og dans på hotellet.

Best Western
SKEI
Hotel

BARNERABATTAR:

Ved alle omtala tilstellingar i dette magasinet vårt gjeld følgjande barnerabattar:

- 0–4 år: gratis
- 5–11 år: 75% rabatt av vaksen pris
- 12–16 år: 50% rabatt av vaksen pris

Rabattane gjeld i ekstrasengar på rom saman med foreldre eller besteforeldre (eige rom til borna på førespurnad, dersom ledig plass).

TILBOD TIL ÅLEINEFORELDRE

Åleineforeldre eller besteforeldre som reiser aleine saman med born, betalar ikkje enkeltromstillegg på rom saman med borna. Dersom ledig plass, kan borna også få eige rom ved sida av foreldre eller besteforeldre. Ta kontakt med oss for nærare informasjon.

AKTIVITETAR I VINTER- OG PÅSKEFERIEN

Utandørs: Høve til gardsbesøk, besøk på Norsk Fjordhestgard, skisenter med skitrekking, barnetrekking og alpin- og turløyper.

Innandørs: Symjehallen er open og gratis for hotellgjester kvar dag. Hobby- og leikerom, teikning, maling, ansiktsmaling, «Bamseklubb», filmklubb med videofilm for både større og mindre barn, danseteppa/ «maskindans», barnedisco og mykje meir. Barnevakt på førespurnad.

SØNDAGSMIDDAG MED GRATIS BADING



Kvar søndag i perioden januar–april tilbyr vi søndagsmiddag for heile familien frå kl. 13.00–16.00. Alle middagsgjester på søndagar kan nytte hotellet sin symjehall med 33°C i luft og vatn gratis i denne perioden. Pris pr. vaksen kr 275. Eigen barne- meny.

GAMLESTOVA

Hotellet si 300 år gamle sperrestove, «Gamlestova», eignar seg svært godt for ulike samankomstar for 10–40 personar. Her kan vi m.a. servere ein spesiell lunsj eller middagsmeny. Ta difor gjerne kontakt med oss for fleire opplysningar, menyar og prisar for eit arrangement i heilt spesielle omgjevnader!



17. FEB. – 4. MARS VINTERFERIE

I heile vinterferieperioden legg vi til rette for mange typar aktivitetar for store og små – både ute og inne. Vi har gode tilbod for både korte og lengre opphald.

Prisar: Frå kr. 675 pr. pers. pr. døgn/halupensjon i dobbeltrom/familierom (3 døgn el. meir). Kontakt oss for fleire opplysningar og bestilling.



30. MARS – 9. APRIL PÅSKEFERIE

Tradisjonar som «påskehottell» heilt sidan 1929. Vi kan også i år tilby hyggelege hotell- opphald i heile påskeferien. I tillegg til øvrige aktivitetar vert det også t.d. måling av påskeegg, påskehare og den alltid like populære påskebingoen.

Prisar: Palmehelga og «tidleg påske» (opphald mellom 30 mars og 4 april):

- Frå kr. 650 pr. pers. pr. døgn i dobbeltrom m/ halupensjon (u/min. 3 døgns opphald).
- Frå kr. 750 pr. pers. pr. døgn i dobbeltrom m/ fullpensjon (u/min. 3 døgns opphald).

Påskehelga (opphald mellom 4 og 9 april):

- Frå kr. 875 pr. pers. pr. døgn i dobbeltrom m/ halupensjon (u/min. 3 døgns opphald).
- Frå kr. 975 pr. pers. pr. døgn i dobbeltrom m/ fullpensjon (u/min. 3 døgns opphald).

SKJÆRTORSDAG 5. APRIL

SALONGKONSERT MED POPKORET «DIXIE69»

Delar av popkoret «Dixie69» vert også med Helge Nilsen & Co. på påsketuren til Jølster i år. Dei vil gje ein salongkonsert på hotellet på Skjærtorsdag 5. april på dagtid. Nøyaktig tidspunkt for konserten vert kunngjort seinare. Konserten er gratis og open for alle interesserte.



Foto: «Dixie69»

28. – 29. APRIL BYGDENÆRINGS DAGAR

Eldsjelene i Stardalen i Jølster arrangerer sine årvisse Bygdenæringsdagar laurdag 28. og søndag 29. april.

Då vert det utstillingar, marknad med sal av tradisjonsmat, lokalt handverk m.m. ved Bygdetunet i Lyngstadfossen. Ulike aktivitetar. Kafé. Stor utstilling av landbruksmaskiner. Prøvekøring. Best Western Skei Hotel har gode overnattingstilbod i samband med dette arrangementet. Prisar frå kr. 510 pr. person i dobbeltrom med frukost. Tillegg for enkeltrom kr. 250.



ONSDAG 4. APRIL

PÅSKEKONSERT OG DANS MED HELGE NILSEN M/VENER

Onsdag i påskeveka tek Helge Nilsen frå Bergen med seg gode vener og spelar opp til stor påskedans i Jølstersalen på hotellet frå omlag kl. 21.30. Han har m.a. med seg vokalistane Linda Ekeland og Anette Genius. I tillegg får han denne gongen med seg Tor Endresen oppover, som vil gje publikum ein flott og intim konsert før dansen. Helge Nilsen sjølv er ei levande legende innan popbransjen, som han har vore ein aktiv del av i meir enn 40 år. Saman vil Helge og dei øvrige artistane spele variert, melodios og svært dansbar popmusikk frå heilt tilbake til 50-talet og fram til i dag. Middagsservering for dei som ynskjer i restauranten før dansen.

Vi kan denne kvelden tilby til følgjande prisar pr. person:

- Middag, påskedans, overnatting i dobbeltrom m/frukost, frå kr. 995
- Påskedans, overnatting i dobbeltrom m/frukost, frå kr. 695
- Tillegg for enkeltrom, kr. 200

Prisar pr. person utan overnatting:

- Middag og påskedans, kr. 550
- Berre konsert og påskedans, kr. 250

Anette Genius.




Tor Endresen og Helge Nilsen



Linda Ekeland, Helge Nilsen

Gilbeys



Bjørns Orkester

26. – 27. MAI

PINSE DANSEGALLA

I Pinsehelga 2012 arrangerer Fjøsøn på Skei sin tradisjonelle Dansegalla med orkester Kontrazt og Bjørns Orkester på pinsefta, laurdag 26.mai, samt Anne Nørsti med band og Gilbey's på 1.pinsedag, søndag 27.mai. Odd Arne Sørensen frå Ingemars (kåra til «Årets musikar» under «Gullskoen 2011») vert med som gjesteartist under heile Dansegallaen i år.

Best Western Skei Hotel har dansebilletter for salg til overnattingsgjester og kan tilby spesialprisar pr. person denne helga:

- 2-døgns opphald med frukost:
Frå kr. 1.900 i dobbeltrom og frå kr. 2.600 i enkeltrom inkl. inngangsbillett til dansegallaen begge dagar.
- 1-døgns opphald med frukost:
Frå kr. 1.200 i dobbeltrom og frå kr. 1.500 i enkeltrom inkl. inngangsbillett til dansegallaen ein dag.

SKIOMRÅDE OG ALPINANLEGG

Det finst flotte skiområde og alpinanlegg berre kort veg frå hotellet.

Dvergdsdalsdalen (500 m.o.h.) ligg berre 10 min. køyring frå hotellet. Både lette og meir krevjande løyper frå parkeringsplassen innover dalen mot støylane og vidare oppover mot t.d. Grovbreken.



Jølster Skisenter

Regionalt alpinanlegg med skitrek, barnetrek, hoppbakke og flotte preparerte løyper ved Vassenden, berre 20 min. med bil frå hotellet. Nye skitrek og fleire nye og spanande nedfartar. Hotellet har eit nært samarbeid med Jølster Skisenter og skisenteret tilbyr hotellet sine gjester 25 % rabatt på alle typar heiskort. Fleire opplysningar om Jølster Skisenter finn ein på www.jolsterskisenter.no

Utvikfjellet

Eitt av dei største og mest populære skiområda i fylket, berre ca. 25 min. med bil frå hotellet. 2 skitrek og 2 barnetrek spesielt tilrettelagt for funksjonshemma ved Breimsbygda Skisenter. Flotte løyper for både store og små alpinistar. Milevis med flotte, maskinpreparerte turløyper som startar ved parkeringsplassane. Best Western Skei Hotel har også eit godt samarbeid med dette skisenteret, som tilbyr hotellet sine gjester 10% rabatt på alle heiskort og på utleige av ski og utstyr. Eigne familierabattar. Meir informasjon om Breimsbygda Skisenter finn ein på www.breim.no/ski.

Hodlekve


Alpinsenteret i Sogndalsdalen, ca. 40 min. køyring frå hotellet. Eit av dei mest snøsikre skiområde i regionen.

SMØREFRI VINTER- OG PÅSKEFERIE

For gjester som ynskjer eit ferieopphald utan ski er det mange fine turveggar i området rundt Skei og hotellet. Vi har eit stort innandørs aktivitetstilbod som kan nyttast heile dagen. Hotellet har også fine uteområde for gjester som ynskjer å sitje ute og kose seg når vinter- og vårsola tittar fram. Høve til besøk på m.a. Astruptunet og Norsk Bremuseum etter nærare avtale med hotellet.



B



KURS & KONFERANSE

Hotellet har 16 godt utstyrte kurs- og møtelokale av varierende storleik. Kjer- na i konferansesenteret på heile 700 m² er «Jølstersalen», som i plenum har plass for inntil 350 personar i kino-oppsett og 250 personar i klasseromsoppsett. Storsalen kan delast inn i tre om lag like store møtesalar; «Dvergsdal», «Helgheim» og «Viken», kvar med plass for inntil 120 personar som kinosal eller 80 personar i klasseromsoppsett. Salen kan også delast inn i to delar, der den største har plass til 250 personar som kinosal eller 150 personar i klasserom. Avdelinga inneheld også fleire ande møte- og grupperom, pausearealet «Skredehagen» med bar/salong og servering både inne og utandørs, samt toalettavdeling. I samtlege lokale er både kabla og trådløst breiband tilgjengeleg. Ta kontakt med oss for pristilbod, fleire opplysningar eller tinging av plass. Vi kjem også gjerne med framlegg til ulike aktivitetar og opplevingar i – eller utanom hotellet i samband med kurs og konferansar, bedriftsarrangement, familiesamankomstar o.l.



Hotellet har mange gunstige samarbeidsavtaler med lokale aktørar i nærmiljøet. Kva med å kombinere samlingar på Skei med urvandring i Tjovahola i Stardalen, med servering av tjuvkost og fantebrygg, rafting i Jølstra, eller kanskje ein avslappa kulturkveld i GAMLESTOVA; – vår eiga, 300 år gamle sperrestove på «Galgehammaren» inne i hotellhagen?

SKEI-KLUBBEN

Omfattande fordelsprogram for yrkes- og forretningsreisande. Innmeldingsskjema får ein i resepsjonen eller be om å få det tilsendt i posten eller på e-mail. Medlemskapet er gratis og er gyldig frå det tidspunktet utfylt innmeldingsskjema vert mottekt og registrert og varer ut gjeldande kalenderår. Medlemskapet som vert automatisk fornya kvart år dersom det ikkje vert oppsagt, passar like godt for reisande med få reisedøgn i året som for dei som reiser mykje.



SMÅKEBITAR FRÅ HAUSTPROGRAMMET 2012

Allereie no kan det vere greitt å merke seg aktuelle datoar for aktivitetar som skal føregå på Skei Hotel til hausten. Du kan også bestille plass no. Her er nokre smakebitar:

- **21 – 23. september. Marknadsdagar på Skei.** Vi gjentek suksessen frå i fjor med massevis av aktivitetar for store og små heile helga. Nærare presentasjon i presse og gjennom annonsering seinare når programmet er klart.
- **28. september – 14. oktober. Haustferie** (veke 40 og 41)
- **12. – 14. oktober. Jazzhelg / Jazz på Jølst.** Meir informasjon kjem etterkvart.
- **2. – 4. november. «Skei-Treffen 2012»** Den årlege trekkspehelga med artistar i verdstoppen, stor stemning og hyggeleg, uformelt trekkspelemiljø i massevis.
- **9. – 11. november. Rakfiskhelg**
- **17. nov. – 16. desember. Julebordssesongen**

Søndags julemiddag og bading for heile familien i heile denne perioden. Det populære Pensjonistjulebordet vert avvikla torsdag 6. desember. Bestill plass allereie no, for her vert det fullt!

DANSEMUSIKK

Hotellet har fast husorkester kvar måned frå januar til desember i heile 2012 som syter for god og variert dansemusikk.

FLEIRE OPPLYSNINGAR, PRISAR OG PLASSBESTILLING

Vi tek allereie no imot bestillingar for alle tilstellingar ved hotellet i heile 2012! Av plassomsyn har vi diverre ikkje høve til å presentere alle detaljar og komplette program for alle aktivitetar og tilstellingar utover året i dette magasinet. For meir informasjon, pristilbod, barne- og familierabattar, grupperabatter osb. ber vi såleis om å ta kontakt med hotellet. Telefonnr. til hotellet er: **57 72 78 00**. Du kan også sende ein faks til nr. **57 72 78 01** eller ein e-post til resepsjon@skeihotel.no.

GÅVEKORT

Gåvetips til den som «har alt». Kvikor ikkje gje eit gåvekort som kan nyttast i samband med ein av dei aktivitetane som er nemnt her i dette magasinet vårt? – Eller i ein annan samanheng her på hotellet? Ta kontakt med oss for meir informasjon og vi hjelper gjerne med å lage til ei fin gave til den som skal gjerast litt ekstra stas på.



BREIBAND

Vi tilbyr breiband til våre gjester på samtlege kurs- & møterom og på kursleiarkontoret. Internett-kafé for gjester i resepsjonsområdet. Trådløst breibandssone i resepsjon, salongar, felles-/ pauseareale og på samtlege gjesterom. Kraftig bandbreidde med fast 10/10Mbit/s SHDSL-fibersamband.



WWW.SKEIHOTEL.NO OG FACEBOOK

Etterkvart vil vi jamnleg legge ut eindel tilleggsinformasjon og anna aktuelt stoff på nettsidene våre under «Aktuelt» og på hotellet sine Facebook-sider. Vi anbefaler difor å følgje med også der på kva som skjer på hotellet til dei ulike tider på året.

facebook

Best Western
SKEI
Hotel